



Det kongelige helse- og omsorgsdep.



MILJØFYRTÅRN[®]
Kommune nr. 1

Vår ref.
09/501-4//HEGR

Dykkar ref.

Dato:
09.09.2009

FORSLAG TIL FRAMTIDIG ORGANISERING AV NAUDMELDETENESTA

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fedje kommune, Oppvekst og omsorg sluttar seg til framlegg til høringsuttale om framtidig organisering av naudmeldetenesta.

08.09.2009 OPPVEKST OG OMSORG

OO-032/09 VEDTAK:

Fedje kommune, Oppvekst og omsorg sluttar seg til framlegg til høringsuttale om framtidig organisering av naudmeldetenesta

Samrøystes vedteke

Med helsing

Grete Herøy
driftssjef



FEDJE KOMMUNE

| | |
|---------------|---------|
| FEDJE KOMMUNE | |
| 26 AUG 2009 | |
| J.nr. | Ark.nr. |
| 1432/09 | Hob |

Fedje, 180809

**Forslag til framtidig organisering av naudmeldetenesta (112-rapporten) –
høringsuttalelse frå Fedje kommune**

Det vert vist til høringsbrev av den 10.07.09 med høringsfrist den 28.10.09.

Fedje kommune støtter utvalet sitt forslag om val av modell C med utalarmering og ressurskoordinering for brann, redning og ambulanse i 112-sentralen. Vi håper dette kan verte første skritt på vegen mot ein integrert utøvande teneste for brann-, redning og ambulanse slik ein har gode erfaringar med i andre land.

Vi vil peike på at modell C også har openlyse utfordringar m.o.t. regelverk for teieplikt for helsepersonell, men desse synest ivaretatt gjennom forslaget. Pressa vil derimot få ein meir avgrensa tilgang til informasjon når helseopplysningar i større grad vert kopla til annan informasjon.

Vi ser ein stor utfordring ved samling til 7-8 sentralar ved at få og store sentralar skal kommunisere med og koordinere svært mange aktørar i helsetenesta. Vi tenkjer først og fremst på pleie- og omsorgstenestene, legevaktene og fastlegane i kommunane. Det er viktig at sentralane vert rigga slik at det er mogeleg med samhandling med lokale aktørar ut frå lokale forhold og ulik organisering av tenestene.

Det er heilt nødvendig at sentralane har personell med både formell helsefaglig kompetanse og helst arbeidserfaring frå utøvande helseteneste utanfor sjukehus.

Med vennlig helsing

Ernst Horgen
Kommuneoverlege